VEDLEGG A

KRAVSPESIFIKASJON

1. GENERELT

Vestland fylkeskommune har behov for rammeavtaler med fleire hotell i Vestland på hotellovernattingar både for eigne tilsette og i samband med turnéar som til dømes 'Den kulturelle skulesekken'.

Rammeavtalene for hotelltenester skal sikre oppdragsgivar nødvendig kapasitet og god kvalitet i samband med reiseaktivitet.

2. OMFANG

Rammeavtalene skal dekke oppdragsgivar sine behov for overnattingar innanfor oppgitte delkontraktar, som er inndelt geografisk:

Delkontrakt 1: Voss sentrum
Delkontrakt 2: Bergen sentrum (gangavstand til Vestlandshuset)
(Gangavstand til Vestlandshuset/Lars Hilles gate 22, 5008 Bergen definerast som:
1 km å gå til fots – kortaste veg ifølge Google maps.)
Delkontrakt 3: Bergen sentrum (resten av sentrum)
Delkontrakt 4: Sogndal
Delkontrakt 5: Førde
Delkontrakt 6: Alle andre områder i Vestland

Leverandør kan tilby eit fritt tal hotell innanfor dei områda som er omfatta av rammeavtalane.

Det er også anledning til å gi tilbod på ein eller fleire delkontraktar. Det er også mogleg å gi fleire tilbod innanfor ei og same pakke (kjeder med fleire aktuelle hotell). Kvart enkelt tilbod må innehalde minimum eit hotell. Det må komme tydeleg fram kva delkontrakt(ar) tilbodet er meint å dekkje.

Det er ikkje mogleg å gje eksakt estimat per delkontrakt, men nokre delkontraktar har tidlegare vore nytta meir enn andre. Dei meir sentrale lokaliseringane ved administrasjonsbygga til VLFK er nytta meir.

Verdien av rammeavtalene er estimert til 12 millionar kroner eks. mva. per år.
Det vert understreka at oppgjeven verdi er basert på estimat frå statistikk og opplysningar frå oppdragsgjevar sine noverande leverandørar og eigne økonomidata. Det vert teke atterhald om endringar i volum, mellom anna med bakgrunn i budsjettsituasjonar som påverkar oppdragsgjevar sin aktivitet.

Maksimal verdi for rammeavtalene er 70 millionar kroner eks mva over fire år.

Rammeavtalene gjeld dei tenestene som er etterspurt i Vedlegg A Kravspesifikasjon og i Vedlegg C Prisskjema.

3. GENERELLE KRAV

Overnatting skal i utgangspunktet gjelde standard enkeltrom. Det vert presisert at enkeltrom gjeld for ein person, og er uavhengig av om det er ei eller fleire senger på hotellrommet. Om naudsynt kan vi bestille dobbeltrom. I situasjonar der standardrom er utseld, kan vi nytta rom av betre kvalitet med eit fastsett tillegg, sjå **vedlegg C – Prisskjema.**

4. KRAVTYPAR

Heile konkurransen er å sjå som krav det skal svarast på. Dette betyr at oppdragsgjevar føreset at tilbyder set seg inn i alle delar av konkurransedokumenta. Vedlegg B skal nyttast for leverandøren si skildring og svar på kravspesifikasjonen. Alt materiale skal være relevant og direkte relatert til konkurransen. Det er ikkje ønskeleg med generelle brosjyrar og oversikter, med mindre desse har klar relasjon til eit kravpunkt eller tildelingskriterium.

Absolutte krav (A^1)	Kravet MÅ tilfredsstillast ved tilbodsfrist. Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Kravet vert vurdert som oppfylt/ikkje oppfylt og vert ikkje poengsett.
Absolutte, poengsette krav (A^2)	Den delen av kravet som er definert som absolutt MÅ tilfredsstillast ved tilbodsfrist. Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Det vil bli evaluert på i kva grad (kor godt) den delen av kravet som *ikkje* er absolutt blir oppfylt. Det vil seie kor god meirverdi tilbodet visar *utover* minstekravet. Dette vil verte evaluert som en del av tildelingskriteria.
Viktige krav (B)	Kravet BØR tilfredsstillast, men det er ikkje eit absolutt krav. Skildringa av kravet vil verte evaluert som del av tildelingskriteria.

5. KRAV TIL TENESTA

Krav nr.	**Krav til fasilitetane**	Krav-type
1.	Transport/plassering Hotellet skal gi gjestene informasjon om offentleg kommunikasjon til og frå hotellet.	A1
Krav nr.	**Universell utforming**	Krav-type
2.	Hotellrom • Det skal vere tilgjengeleg hotellrom som er tilpassa rullestolbrukarar • Inngangsdøra skal ha fri breidde på minst 86 cm. • Innvendige dører skal ha fri breidde på minst 76 cm. • Skal ha toalett som er dimensjonert for rullestolbrukarar • Dører skal kunne opnast av alle. • Eventuelle tersklar skal ikkje overskride 2,5 cm og skal vere skråskjert/avfasa. • Brannalarm skal kunne oppfattast av syns- og høyrselshemma. • Leverandør skal tilby allergivennlege rom.	A1

Krav nr.	Krav til tenesta	Kravtype
3.	Kostnadsfri avbestillingsfrist: Innan klokka 16:00 på dagen for ankomst.	A1
4.	Rapportering Leverandør skal levere statistikk over leverte produkt utan kostnad for oppdragsgjevar. Statistikken skal minimum vere sortert på • Einingar som har bestilt • Produkt • Pris per eining og totalt	A1
5.	Emballasje Hotellet skal sikre at underleverandørane deira har ei ordning for sluttbehandling der emballasjen vert tatt hand om på ein miljømessig forsvarleg måte. Dette skal gjerast ved at hotellet teiknar kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS eller varetakast på annan forsvarleg måte.	A1
6.	Miljøsertifisering Verksemda skal seinast eitt (1) år etter inngått avtale vere miljøsertifisert gjennom ein av dei generelle tredjeparts miljøsertifiseringsordningane: Miljøfyrtårn, ISO 14001, EMAS eller liknande.	A1
7.	Leverandør skal behandle personopplysningar og må derfor følgje til ei kvar tid, gjeldande lovverk på området.	A1
8.	Bestilling Prisar skal lastast inn i reisebyrået som VLFK nyttar si bestillingsløysing slik at våre tilsette kan bestille overnattingar der. VLFK sin leverandør av reisebyråtenester og reiseportal(bestillingsløysing) er for tida Berg-Hansen reisebyrå.	A1

6. TILDELINGSKRITERIUM

6.1 Miljø 30%

Krav nr.	Oppdragsgjevar sitt krav	Kravtype
9. 20% av 100%	Miljøarbeid Oppdragsgjevar ønskjer leverandørar som bevisst arbeidar for å redusera miljøskadeleg påverknad der det er mogleg. Tiltak som leverandørane forpliktar seg til å gjennomføra i avtaleperioden vil telje positivt.	B

	Leverandør skal skildre korleis dei arbeidar/vil arbeida for å redusera miljøskadeleg påverknad ved fullføring av kontraktsforpliktingane (maks fire A4-sider). Leverandør blir beden om å skildra tiltak/arbeid så konkret som mogleg opp mot: • reduksjon av eller dokumentert lavt energiforbruk, med fokus på oppvarming/nedkjøling og vassforbruk • mat og drikke, under dette matsvinn, mat i sesong og økologisk mat • skildring av reinhaldet og korleis dei viktigaste miljø-belastningane skal reduserast saman med tilbodet. • andre relevante tiltak	
10. 10% av 100%	Miljørapportering Leverandør skal gjennomføre årleg miljørapportering i løpet av kontraktsperioden. Det skal rapporterast på CO2-utslepp per gjestedøgn. Tilbydar skal skildre (maks to A4-sider) korleis dei kan gi oss informasjon om CO2-utslepp, og det er ønskeleg at leverandør i tillegg rapporterer på: • redusert eller dokumentert lavt energiforbruk, med fokus på oppvarming/nedkjøling og vassforbruk • matsvinn, mat i sesong og økologisk mat • reinhaldet og korleis dei viktigaste miljøbelastningane vert redusert • andre relevante tiltak	A2

6.2 Pris 70%

Leverandør skal fylle ut Vedlegg C – Prisskjema og legge dette ved tilbodet.